



**OSTERØY**  
KOMMUNE

## Velkommen til Frukostmøte på Osterøytunet tysdag 12. mars 2024

**Osterøy kommune skal byggja eit Omsorgssenter på Hauge.** Dette skal bli eit senter for 56 menneske med demens, samt at vi skal byggja 69 omsorg pluss bustader. Det skal også byggast ny base for heimetenesta, og eit dagsenter for heimebuande. I tillegg til dette skal Osterøytunet byggjast om til meir kortids, rehabilitering og behandlingsplassar.

Vårt ynskje er å byggja eit senter som er ope og inkluderande for alle, både for dei som skal bu der, men også for nærmiljøet, og for resten av Osterøy si befolkning. **Korleis skal vi få dette til? Vi ynskjer å «tenkja høgt» i lag med dykk i næringslivet. Korleis må bygningane sjå ut? Korleis må utearealet vera? Kva kan næringslivet bidra med i forhold til form og innhald? Turområdet og leikeplassar? Kva type bedrifter skal vi ha i senteret? Kafé, restaurant, butikkar (mat, kler, gjenbruk, frukt og grønt, bakeri) kioskar, apotek, bibliotek, frisør, fotpleiar, velvære, kino etc.** Her ynskjer vi å få inne gode og kreative idear og løysningar på korleis vi på Osterøy kan skapa eit senter som «pulserer av liv»! Ein plass der ein sjølv kan tenkja seg å besøka, bruka fasilitetane anten det er parkanlegg, kafeen eller festsalen? Eller kjenna at her er det fint å besøka far eller mor, eller til og med sjå for seg at her kan eg sjølv bu ein gong...

**Vi i Osterøy kommune har behov for fleire samarbeidsrelasjonar og vi ynskjer derfor å koma i dialog med dykk som er engasjert i bygging, arkitektur, landskapsarkitektur, entreprenørar med meir (og seinare vert det utlysing og anbodskonkurransar). Eller kanskje har du kunnskap om, eller kunne tenka deg å driva ein: butikk, ein kafe, kiosk, gartneri, garnbutikk, bakeri, grønt saks bod, velværeklinikk, frisør? Her er moglegheitene mange og vi ynskjer først å fremst å få idear, og kanskje kan det enda opp i eit godt samarbeid på sikt?**

Målet vårt er å skapa eit aldersvenleg Osterøy, og til det trengs det eit godt samarbeid mellom næringsliv, private aktørar, pårørande, frivillige og kommunen.

**Program for frukostmøte tysdag 12.03.24:**

**KI 0800 Velkommen og litt kaffi med noko å bita i.**

**KI 0815 Informasjon om Omsorg+ prosjektet**

**KI 0900 Idémyldring om korleis vi kan samarbeida vidare om å skapa eit godt senter på Hauge.**

Påmelding innan 10. mars til : [nina.thorbjornsen@osteroy.kommune.no](mailto:nina.thorbjornsen@osteroy.kommune.no)

